

ÅRSMELDING 2021

KVINNHERAD SOKN



[Dette bildet](#) av Ukjent forfatter er lisensiert under [CC BY-SA](#)

Kvinnherad sokn: Medlemmer 2023 stk.

KVINNHERAD SOKNERÅD

Namn	Rolle	Tillegg
Berta Haugland	Leiar	
Ann-Merethe Niclasen	Nestleiar	
Rebekka Attramadal	Skrivar	
Svein Hjelmeland	Medlem	
Ingo Bewer	Medlem	Representant til Fellesrådet
Ingve Hesjedal	Medlem	
Leiv Magne Sigveland	Medlem	Vara til Fellesrådet
Esther Falk	Medlem	
Gunnvor Mehl	Første varamedlem	
Helga Fossheim	Varamedlem	
Marit Bakke	Varamedlem	
Sigrun Guddal	Varamedlem	
Halvard Fausk	Varamedlem	
Kjersti Brakestad Boge	Sokneprest	

INNLEIING

Også 2021 har vore prega av korona-situasjonen. Dette ser ein på møte-verksemda i soknerådet, tal på gudstenester, deltakarar på gudstenester, offer i kyrkjelyden, trusopplærings-arbeidet og andre arrangement. Fleire gudstenester, konsertar og andre arrangement har vore planlagd, men blitt avlyst.

Arbeidet til soknerådet

Soknerådet hadde 7 møter i 2021:

2. februar
9. mars
27. april
9. juni
7. september
19. oktober
29. november

Vi behandla 51 saker, blant anna takkoffer til kyrkjelyden.

Ny liturgi har teke stor plass, og vart vedteken i soknerådet.

Vi har vedteke å gå inn for eit kyrkjelydsblad for alle sokna i kommunen, der Reidar Algerøy er «vår» mann frå soknet.

Vi har diskutert streaming av gudstenester i kyrkja, og gjekk til slutt inn for å kjøpa inn nytt utstyr.

Presten har orientert soknerådet om konfirmantarbeidet. Det har vore ei krevande år, der noko har vore planlagt, men måtte avlysast eller gjennomførast på ein annan måte.

Soknet fortset gjevaravtale (4 offer per år) til Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt: Mamma Maggie og Fader Thomas sitt arbeid i søppelbyen.

Soknerådet sine medlemmer har vore kyrkjevertar og pynta våpenhuset, samt drive smittehandtering.

Det kom inn kr. 40 941,- i kollekt, 9 865,- av desse var til kyrkjelyden (2020: kr 87 177 i kollekt, kr. 11 274,- var til kyrkjelyden).

Etter initiativ frå Rosendal bedehus-styre, arrangerte bedehuset og kyrkja også i år fakkeltog for forfylgde kristne i romjula. Dette for 2.gong. Fakkeltog starta ved kyrkja, gjekk via Rosendalstunet og opp att til kyrkja. Det var 14 (25 i fjor) som gjekk. Appell v/Inger Johanne Hauge og Tone Hellesøy ved kyrkja.

GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

Det var 35 gudstenester i 2021. Talet på gudstenestedeltakarar i Kvinnherad kyrkje 2021 var 1516 (1576 i fjor).

Av desse var 6 gudstenester med nattverd, 17 gudstenester med dåp og 1 gudsteneste tilrettelagt for born og 1 gudsteneste tilrettelagt for ungdom.

I tillegg har det vore mlm 100 og 400 digitale visningar.

Det var 2 skulegudstenester.

Det var 5 vigslar og 1 forbønshandling etter borgarleg vigsel.

Det har vore 24 (20 i fjor) gravferder.

Det har vore 12 andaktar på Rosendalstunet.

I 2021 har dei tilsette lese teksten på gudstenestene, men vi vonar etter kvart det kan koma i gong med friviljuge tekstlesarar.

PowerPoint har blitt nytta i dei fleste gudstenester i 2021.

Det har vore lite kyrkjekaffi i 2021.

TRUSOPPLÆRING OG KONFIRMANTARBEID

Dåp og dåpssamtale:

T0-1: Babysong: 7 babyar. 54% av 13 born i årsklassen. Babysong er flytta til Rosendalstunet.

Dåp: 20 stk. 154% av 13 born i årsklassen.

T1-3: Krølletreff: 15 born 24% av 62 born i årsklassen. Bibelforteljing, song og lek.

T4-12: Bu-heima-leir: Ikkje arrangert

T4: 4 årssamling: 9 born. 38% av 24 i årsklassen. Ein kvardagsettermiddag. Bibelfort, song og lek.

T5: Kyrjekameratane 7 born, 47% av 15 i årsklassen. Lik som for 4-åringane, men ein annan bibelfort.

T6: Skulestart: 31% av 26 i årsklassen. Bibelforteljing om Sakkeus, snakka om at vi treng vener.

T7-8: Biblio: 7 år: 3 born 18% i årsklassen, 8 år: 7 born 29% i årsklassen. Dei fekk utdelt byggesett, som vart sendt heim. Bibelfort, song og lek.

T14: informasjon til neste års konfirmantar. Vart halde på våren av presten. I kyrkja.

T15: Konfirmasjonsførebuing og konfirmasjon: 17 konfirmantar 85% av 20 i årsklassen. Konfirmasjonane vart flytta til hausten.

KONSERTAR OG KULTURELLE ARRANGEMENT

Det har vore arrangert 4 konsertar i kyrkja i 2021.

1. Konsert med Kari Malmanger og Solveig Sørheim: «Salmesykkel».
2. Cantus Firmus og Glimrah
3. Kvartett v/ Aasmund Kaldestad og fleire: «Kveldshymner»
4. Koret «Abraham»
Til saman var det 265 deltakarar.
5. Kvartetten «Ære» har hatt 2 konsertar.

Det var planlagd fleire konsertar, men pga av restriksjonar, måtte desse avlysast.

ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN/SOKNET

Jentehobbyklubb: Integreringsarbeid. Denne klubben har ikkje vore i drift i 2021. Samarbeid med KvH sokneråd og Omv. bygdekvinnelag.

Kontinuerleg arbeid blant born i soknet:

Småbarnstreff: Har flytta frå Uskedalen bedehus til Rosendal bedehus. 3 born på 1 av samlingane.

Rosendal søndagsskulekor/Rosendal barnekor: har flytta øvingane til Malmanger skule, og øver i SFO-tida. 4 øvingar, til saman 31 born. Konsert i Uskedal kyrkje i samarb med Bjarte Leithaug og born i andre kyrkjelydar.

Barne-ungdomsarbeid i soknet, men blir drive av organisasjonar:

Søndagsskulen i Omvikdalen 5 samlingar, til saman 25 deltakarar.

Maks barnelag. Ikkje i drift

Fredagsklubben: 2 samlingar, til saman 13 deltakarar.

ANNA ARBEID

-Sjølv om det ikkje er direkte soknerådet som jobbar med det, så kan det vera greitt å opplysa om at kyrkja har fått nye lys ute, som vert tent i adventstida. Dette er led-lys, og er kosta av Rosendalsstiftinga. Pris ca. 6000,-

-Sakristiet er blitt kraftig oppgradert, med nytt kjøken og nye skap.

-Toalettanlegget er også blitt flott oppgradert.

-Omnane i kyrkja er bytta ut med nye.

Takk til fellelsrådet som har sett av midlar til dette, og til dei som har utført arbeidet!

-Det har vore to kyrkjegardsdugnader på hausten, før konfirmasjonane.

NYTT ORGEL KVINNHERAD KYRKJE

Vi er kome eitt skritt vidare. Førprosjektet er ferdig, arkitekt Jan Lohne Arkitekter AS har kome med skisser som viser forslag til nytt orgel.

Solfrid H Siqveland, Stein E Schille og Rebekka Attramadal er i komiteen, og jobbar vidare. Dei kan gjerne ha med fleire!

«Nytt orgel Kvinnherad kyrkje» har organisasjonsnummer 923812636, Lars J Kroka er kasserar, og kontonummer er det same som for Kvinnherad sokneråd.

PLANAR FRAMETTER

Slik tida er, er det vanskeleg å planlegga frametter.

Noko vi veit vi vil jobba med er, forutan faste aktivitetar:

- Diakoniplan i kyrkjelyden
- Kyrkjelydsblad
- Dugnader
- Fleire streamingsgudstenester

For KvH sokneråd Berta Haugland, leiar